

## Vedtekter for Seniornett Førde

*Basert på Seniornetts Mønstervedtekter.*

### § 1 Formål

Seniornett Førde er ein ideell og politisk nøytral interesseorganisasjon, og har som formål å arbeide for at seniorar kan delta aktivt i det digitale samfunn. Dette kan skje ved kurs, personleg og skriftleg rådgiving, eller ved samlingar og arrangement.

Seniornett Førde jobbar i samsvar med Seniornett Norges formål og vedtekter.

### § 2 Medlemskap

Alle som vil vera med og fremje Seniornetts formål kan bli medlemmer.

Medlemskap er personleg og blir registrert i Seniornett Norge.

Medlemskontingenten blir betalt til Seniornett Norge, som deretter overfører til Seniornett Førde den kontingentandel som landsmøtet har vedtatt.

### § 3 Seniornett Førde sine organ

Lokalforeiningas organ er: a) årsmøtet, b) styret

#### a) *Årsmøtet*

Årsmøtet er lokalforeiningas øvste myndigheit og skal haldast innan utgangen av mars. Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1. Godkjenning av innkalling, val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under møteprotokollen.
2. Styrets årsmelding.
3. Rekneskap og revisjonsmelding.
4. Fastsette kursavgift
5. Arbeids/aktivitetsplan for komande år
6. Andre saker som er med i innkallinga
7. Fastsette godtgjersle til tillitsvalde
8. Budsjett for komande år

## 9. Val av styremedlemmer og varamedlemmer, revisor og valnemnd

- Særskilt val av styreleiar for eitt år
- Val av to styremedlemmer for to år
- Val av ein varamedlem til styret for eitt år
- Val av ein revisor for eitt år
- Særskilt val av leiar i valnemnda for eitt år
- Val av to medlemmer til valnemnda for to år
- Val av ein varamedlem til valnemnda for eitt år
- Val av utsendingar til landsmøtet i Seniornett Norge

Vedtaksendingar må vedtakast med minst 2/3 fleirtal. Andre vedtak blir gjort med simpelt fleirtal blant dei frammøtte.

### *Ekstraordinært årsmøte*

Ekstraordinært årsmøte kan haldast dersom styret finn det nødvendig, eller om 1/3 av medlemmene, eller Seniornett Norge krev det. Det ekstraordinære årsmøtet skal berre behandle den konkrete saka det er innkalla til.

### *b) Styret*

Seniornett Førde skal ha eit styre på minst 3 personar. Styremedlemmene blir valde mellom betalande medlemmer. Vala til styret gjeld for 2 år, dersom ikkje årsmøtet bestemmer at dei blir gjort for ei kortare periode.

### *Styrets rammer*

- Styret konstituerer seg sjølv.
- Styret er vedtaksført når 2/3 av styrets medlemmer er til stades. Ved stemmelikheit har styreleiaren dobbeltstemme.
- Styret leier lokalforeiningas virke mellom årsmøta innafor dei fullmakter og pålegg som årsmøtet har vedtatt.
- Styreleiar innkallar til styremøte på eige initiativ, eller når minst to styremedlemmer krev det.
- Det skal førast referat frå styremøta.
- Dato for årsmøtet skal kunngjerast 4 veker på førehand. Kunngjering av årsmøte skal gjerast på Seniornett Førde si nettside, på Facebook-sida, og ved e-post til alle registrerte medlemmer.

- Styret innkallar til årsmøte skriftleg eller digitalt minst 21 dagar før årsmøtet. Med innkallinga skal det vera sakliste, årsmelding, rekneskap, årsplan og budsjett.
- Saker som ein medlem ønskjer å ta opp på årsmøtet, må vera hos styret seinast 14 dagar før årsmøtet.
- Vedtektsendringar kan vedtakast på årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.
- Referat frå årsmøtet og årsmeldinga skal sendast til Seniornett Norge.

#### *Praktiske forhold*

Seniornett Førde får tildelt eiga nettside via seniornett.no (Seniornett Norge). Nettadministrator kan utpeikast av styret. Styreleiaren er ansvarleg for det som blir publisert på nettsida.

Seniornett Førde har rett til å nytte logoen til Seniornett Norge. Namn på lokalforeininga er Seniornett med tillegg av stadnamnet e.l.

Seniornett Førde kan oppnemne ein kontaktperson for kommunikasjon og samarbeid med Seniornett Norge.

#### § 4 Oppløysing

Forslag til oppløysing skal sendast til årsmøtet/ekstraordinært årsmøte minst 14 dagar før møtet.

Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal vedta å oppløyse Seniornett Førde. Oppløysing eller nedlegging av lokalforeininga skal meldast til Seniornett Norge. Eventuelle aktiva skal overførast til Seniornett Norge, med formål å styrke arbeidet med Seniornetts lokalforeiningar. Ved fusjon mellom lokale foreiningar skal aktiva bli i den fusjonerte lokalforeininga.

Dersom Seniornett Førde opphøyrer av anna årsak, skal også dette meldast til Seniornett Norge. Lokalforeiningas midlar skal da tilfalle Seniornett Norge.

*Vedtektene vart vedtatt på Seniornett Førde sitt årsmøte 19.03.2026.*